

Festidalen 2007 vart ein gedigen suksess, seier festival-leiinga i ei oppsummering sjølv om dei innrømmer at det vart det dei kallar "eit lite underskot". Kor stor minusen var vil leiinga ikkje ut med, fordi det er viktigare no å setja fokus på det svært solide grunnlag som er lagt for framtidige rockefestivalar på jordet i Uskedalen.

- Ryktet vil ha det til at underskotet var rundt 200.000, kva seier dykk til det?
- Då seier vi "ingen kommentar", svarar Sveinung M. Pile, Morten Vevatne og Anders Daidalos Dahle.
- Har Festidalen lånt pengar for å dekkja underskotet?
- Nei, ved ein kombinasjon av samarbeidspartnarar og sponsorer har vi funne ei løysing. Og det er grunn til å tru at Noreq, som var vår hovudsponsor i år, vil stilla opp att neste år. Dei har fått så mykje ut av denne satsinga som dei ynskje seg.

Dei tre i festivalleiinga summerar opp slik:

- Dette året har vi fått enormt mange positive tilbakemeldingar, både frå artistar, sponsorar, artistar, frivilljuge og publikum. Vi ville markera våre første fem år skikkeleg og festivalen vart gjennomført ekstremt bra teknisk samstundes som banda var sinnssjukt gode. Publikum var også fantastisk og danna ein flott ramme rundt arrangementet.



Fire av dei seks i Festidalen-styret er Sveinung M. Pile, Morten Vevatne, Eilif Myklebust junior og Anders Daidalos Dahle. Men no vil dei ha med fleire både i styret og ellers. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag var 600 inne på festivalområdet medan 1.200 kom laurdag. Håpet var å nå opp i 2.000 som ville vore ei fordobling frå året før, men veret var hovudårsak til at vi ikkje kom heilt i mål å så måte. Familiearrangementet laurdag måtte avlysast. Alle festivalarrangørar i landet gjorde den samme erfaringa i sommar med omsyn til veret.. Vi antar at 20 prosent av dei som kom i år var tilreisande – frå stader utanom Kvinnherad. Dei fleste av desse var frå Odda, Haugesund og Stord, men det kom også folk frå Voss og Bergen.

Når vi set merkelappen "ein gedigen suksess" på festivalen er det ikkje minst ringverknadene vi tenkjer på. Vi oppnådde ein stor marknadsføringseffekt over heile Vestlandet og fekk eit godt grunnlag å jobba vidare på.

Vi angrar slett ikkje på engasjementet av Norges leiande rockeband Turboneger, for bandet gjorde merkevaren Festidalen sterkare og var ein investering for framtida. Dette var den største satsinga vi har gjort, og den gav oss også mest. Målsettinga var å plassera festivalen skikkeleg på kartet og vise at vi kunne, og det har vi gjort. Vi har ikke før gjeve publikum så mykje som dette året.

Men utan våre mange gode hjelparar hadde vi ikkje klart det. Her tenkjer vi ikkje minst på dei 150 frivilljuge. 30 av dei jobba 10 timar dagleg i ei veke og det vart lagt ned 3.500-4.000 arbeidstimar veka før og veka etter festivalen.

Men vi lyt og takka publikum, kulturkontoret, sponsorar, media, grunneigar, naboar og alle som har lånt oss utstyr.

Når vi no trekk pusten etter harde tak er vi gira på 2008 og på å utvikla Festidalen til noko enda betre. Fremfor alt er det viktig å få med enda fleire hjelparar og difor inviterer vi alle som er interesserte i å vera med og dra lasset vidare til ein idekveld på Dønhaug Gjestegard neste laurdag. 6. oktober. Vi ynskjer også å utvida styret til å bli dobbelt så stort. Til nå har vi vore seks..

Ikkje minst er det viktig å realisera noko som har vore målsettinga gjennom heile prosjektet: Å gje det ein breiare totalprofil. Festidalen skal ikkje berre handla om rock, men vera eit skikkeleg kulturbeite med mange vekstar som kan fanga folk i alle aldrar og med ymse interesser. No vil vi ha med folk som kan vera med og utforma Festidalen i framtida.

- Og kor høgt satsar leiinga til neste år med omsyn til band, spør uskedalen.no
- Vi har høyrt at Metallica er på våre kantar neste år, svarar trio.

Men det er vel meint som ein spøk??.

Av Ola Matti Mathisen



Festivalen 2007 var velsigna av fint ver under konsertane, men laurdag føremiddag måtte familiearrangementet avlysast. (Foto: Ola Matti Mathisen)